

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE, NAUSTDAL, HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN

NR. 4 DESEMBER 2025 83. ÅRGANG



God jul!



DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80

www.kyrkja.no/sunnfjord
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Carsten Langeland

Diakon: Anita Øvreås Rusken

Driftsleiar: Ingvar Vagstad

Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye

Økonomileiar: Trond Herløvsund

Kantor: Gro Gunnarson

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjeverje: Sissel Vartdal

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

Prosjektleiar: Johanne Thingnes Leira

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Bervellene 34,

Postadr.: Pb 90, 6806 6817 Naustdal

Tlf.: 57 82 81 80

sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Onsdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend

Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Silje Sørebo

FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Eline Styve

Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:

Mette-Elin Standal Sæther

FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

Nytt frå redaksjonen

Dette nummeret har 20 sider, og då har vi fått plass til fleire tekstar. Du får møte ein vital spelemann som har sett spor etter seg i Naustdal. Du kan lese om korleis det er å finne sin plass bakom bakarste benk i kyrkja, og møte to representantar for Førde historielag som ivrar for å få fleire til å interessere seg for vår lokale historie.

20 sider vil seie høgre trykke- og portokostnader, og kanskje vi kan minne om bladvengane? Det er ikkje for seint å bidra til å halde bladet i gang. Bidrag til drifta ber også Førde sokneråd om, dei ber oss minne lesarane om at ein kan opprette avtalegiro og bli fast gjevar. Sokna merkar at budsjetta er mindre, og det betyr at vi alle må bidra på ulike måtar.

Naustdal sokneråd vil gjerne ha fleire frivillige, og har laga ein fin brosjyre om det.

Men om det er mindre ressursar, skjer det mykje som vi gjerne vil gje lesarane innblikk i. Kantorane i Naustdal og Førde satsa på det største musikalske prosjektet på lang tid, Mozarts Requiem, berre med lokale krefter. 150 konfirmantar får undervisning. Barnekora blomstrar og dei fekk vere med på konserten til Lisa Børud. No kjem advent med julekonsertar, og jula med julegudstenester, julebodskap og juletreffar. Ta del i fellesskapet, og inviter gjerne andre med deg!

God Jul!

HELG OG HEIM

Kyrkjebladet **Helg og Heim** blir distribuert av Posten til alle husstandar i Førde, Naustdal, Holsen og Haukedalen. Bladet følgjer Forbrukartilsynet sine reglar for uadressert post.

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

Trykk:

ETN Grafisk

Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim. Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor

Frivillig bladkontingent
Kr. 350,-

Bankkonto:

3705.15.33896

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»



Utgjevingsplan for 2026

Nr. 1. Stoffrist:

Onsdag 11. februar

I posten veke 12

Nr. 2. Stoffrist:

Onsdag 22. april

I posten veke 22

Nr. 3. Stoffrist:

Onsdag 12. august

I posten veke 38

Nr. 4. Stoffrist:

Onsdag 21. oktober

I posten veke 48

(Det kan komme endringar.)



Framsídeíde: Stemningsfull
Luciakonsert i Førde kyrkje 13.
desember 2024. Foto: Hanne
Schnitler



TIL ETTERTANKE

RAGNHILD JEPSEN,
Biskop i Bjørgvin

Ei julebøn frå biskopen

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: «Kjære Jesus».

Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus.

Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i den-

ne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleden:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og når over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: Kjære Jesus!

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or



ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal

kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

*Kjære Jesus,
det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist
skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko,
skal liv bryte fram.
Vi gler oss til du kjem.
Vi treng at du kjem.
Amen.*

Tusen takk til alle som bidrog

Naustdal kyrkjelydshus har lang tradisjon med å arrangere basar og kafé for å spe på inntekta. I år var ikkje noko unntak.

Tekst og foto: JENNY Ø. SNILDAL

Folk i Naustdal støttar opp om kyrkjelydshuset, og i tida før basaren kom det inn mange fine gevinstar, både til åresal og hovudlotteri. Mykje av det var flott handarbeid.

Til kafeen stilte folk opp med gode kaker og sette av tid til dugnadsarbeid.

Sjølve basardagen var borti-mot 100 personar innom. No-



kre var der heile tida, andre var innom ei lita stund for å få seg kaffi og noko godt å bite i.

Basaren er ei viktig inntektskjelde for Naustdal kyr-

kjelydshus. Resultatet i år vart i overkant av 60 000,- på kafé og loddosal.

Stor takk til alle som tok lodd, bidrog med gevinstar og

kaker, og elles hjelpte til med praktiske oppgåver.



- møblar
- belysning
- gardiner
- utemøblar
- solskjerming

MARIAS HUS

nordisk design · interiør · møblar

Tlf. 478 39 411

Angedalsv. 4, Førde (Hukseth-huset)

post@marias-hus.no | //mariashus.no

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?



22 40 00 40

Kom som du er!

Vi har eit stort og breidt treningstilbod til godt vaksne og seniorar! Du får gratis prøveveke. Møt oss i resepsjonen vår, 3. etasje på ALTI. Eller ta kontakt på telefon: **57 82 31 32**. Sjå vår nettside: pulsforde.no



PULS FØRDE

- Kom som du er!

Grauminne finn du hos oss



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

Drop-in vigsle i Førde kyrkje på Valentinsdagen



INGVALD ANDERSEN FRØYEN, sokneprest i Førde

Vil de gifte dykk i kyrkja?

Vi vil gjerne sende ut ei klar melding til alle de som lurar på om de vil, orker eller har råd til å gifte dykk: vi heier på alle som tør å ta ein enkel variant.

- 🔔 Å gifte seg i ei kyrkjeleg seremoni er eigentleg ingen stor kostnad.
- 🔔 Vi har erfaring med vigsler og hjelp til med gode råd.
- 🔔 Det treng ikkje vere på ein laurdag om sommaren.
- 🔔 Alle par er velkomne.

Gjennom heile året er det mogeleg å be om enkle vigsler i alle kyrkjene våre, men ein må tinge litt i god tid og syte for at prøvingsattest ligg føre.

Om de vil ha ein dato å jobbe mot så har vi altså ein dag klar for dykk:

På Valentinsdagen laurdag 14. februar vil vi, som i 2024, legge opp til **Drop-in vigsler i Førde kyrkje** for alle som ynskjer. Ei enkel, men vakker seremoni der vi tek ansvar for alt det som skjer i kyrkja, og ei enkel servering etterpå.

Velkomen!

Kan du tenkje deg å vere frivillig?



Naustdal sokneråd har laga ein flott brosjyre som fortel kva for oppgåver ein kan ha som frivillig i kyrkja. Ein kan vere kyrkjevert, kaffivertskap, tekstlesar eller sjåfør, eller hjelpe til på samlingar for barn og unge. Brosjyren vert delt ut, ein kan også finne den i kyrkja eller på kyrkjekontoret.



Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com

Einar Eimhjellen – jordnær mann

Folkemusikar,
tradisjonsberar og
brubyggjar mellom
Naustdal og Amerika.

Tekst og foto:

ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG

Det lyser ei stillferdig begeistring når Einar fortel om gode stunder som folkemusikken har gjeve han gjennom livet. Engasjementet delte han med kona si, Marit (d.2017), som var musikar, folkedansar og tolk på Amerikareisene.

Songen frå barndomsheimen

Det var song og musikk i heimen på Fimland, som eg får besøke på den siste dagen i oktober. Foreldra til Einar, Jostein og Palma, var korsongarar. Dei tralla i kvar sin sjanger heime: far med sine viser, mor med dei religiøse folketonane. Mor hadde også gitar og fele, og Einar fekk sin første musikk-teori frå hefte ho hadde.

Yrkesveg – bokstaveleg tala jordnær

Musikken vart ikkje yrket hans, men likevel ein relativt dominerande del av livet. Yrkesvegen gjekk frå jordbruksskulen på Mo til han var fullt kvalifisert som heradsagronom. Via ulike jobbar, deriblant som 4H-konsulent i Sogn og Fjordane, vart han til sist jordbruksjef i Naustdal kommune.

Spelemannslaget og samlararbeidet

Instedalen spelemannslag kom i gang i 1953/54 – det vart i 1968 til Naustedalen spelemannslag. Her vart Einar aktiv,



Einar Eimhjellen fyller rommet med tonar.

den og ute i Steindalen. Det han lærde av dei vart til notar – blyantskrivne i første omgang, seinare trykte notesamlingar. Både innspelingar (han har transportabelt lydstudio) og notane er rike skattar som Fylkesarkivet no tek vare på.

Møtet med norskamerikanarane

Så laga det seg slik at Einar fekk god kontakt med norskamerikanarar med røter i Instedalen i Naustdal. Han nemner Kolbjørn Skaflestad, som han til og med leverte hus til frå firmaet

han då jobba i. Kolbjørn hadde bygd seg opp som stor drosjeeigar borte i Kent, Washington, og det går gjetord om den bilen han hadde i Naustdal. Etter kvart vart også Howard Olivers ein trufast gjest på forfedrane sine trakter og heldt kontakten varm. Slik voks Einar si interesse for utvandrar-soga.

Utvandringa frå Naustdal

Einar fortel at av dei 2800 som budde i Naustdal då utvandringa starta (1864), reiste 1400(!) til Amerika. Av desse var det sjølsagt ein del som kom heim att, men 800 vart verande «over there». Om bord på seglskuta Norden, som gjekk frå Bergen i 1867, var det fleire naustedøler.

Mange av desse slo seg ned staten Washington på vestkysten, og eit kjerneområde for utvandrarar frå Naustdal vart Kent, som ligg mellom Seattle og Tacoma. Langt heimefrå som dei var, ynskde dei å ta vare på det norske: språket, musikken – og kyrkja.



Spelemannslaget var med på utvandargudstenesta i Naustdal. Foto Hanne Schnitler

med vid horisont

Norsk kyrkje

Ikkje lenge etter at dei norske innvandrarane hadde etablert seg i Kent vart det snakk om å bygge kyrkje. 10. februar 1903 samlast ni familiar for å diskutere planer om å byggje ei Norsk Evangelisk Luthersk Kyrkje. Berre få månader seinare starta arbeidet med kyrkja som vart plassert midt i området der m.a. sunnfjordingane etablerte seg. Første tida fekk dei prestar frå Tacoma og Seattle, men etter kvart fekk dei eigen prest. I fleire år vart det berre brukt norsk språk i kyrkja, sidan mange av innflyttarane ikkje kunne noko anna, - men no har engelsk tatt over - og i dag blir det ikkje nytta noko anna. Den vesle kyrkje-lyden som starta med 9 medlemmer har i dag vakse til 1100. Kyrkja har vorte restaurert og utvida etter som åra har gått og det har kome til eit heilt nytt kyrkjebygg attmed den gamle. Namnet på kyrkja er no endra til Zion Lutheran Church.

Folkemusikken i det nye landet

Einar oppdaga at norsk folkemusikk levde i beste velgåande. Norskamerikanarane hadde halde seg med spelemannskappleikar, frå den første store og namngjetne i 1912 i Stoughton i Wisconsin som samla opptil 8000 menneske - til den siste ordinære i 1952 i Benson i Minnesota. I 2003 arrangerte dei jubileumskappleik.

Einar og spelemannslaget forstod at her fans det ei gullgruve. Det vart turar (den første i 1985) med Naustedalen spelemannslag, konsert-turnear på store deler av den amerikanske vestkysten, - med Einar

som konferansier og Marit som tolk. Dei vart hjarteleg mottekne, fekk transport og møtte gjestefridom. Dei møtte spelemenn som Roy Torvik, Johan Steindal og Torfinn Steindal. Det vart spelt, lytta, lært, notert. Her var det spelemenn som hadde lært av dei gamle meisterane.

Venskapsavtale

Det fall naturleg å arbeide for å få oppretta venskapsavtale med Kent, som på den tida hadde 50.000 innbyggjarar. Men kven skulle vere «brufeste» på andre sida av Atlanten? Naustdal vart litt for lite, så både Førde, Gaular og Jølster vart inviterte med - altså det som seinare vart Sunnfjord kommune. Til no har det vorte 4 turar med spelemannslaget, og fleire organiserte besøk frå Kent. Utvekslinga av tradisjonsmusikk over havet held fram. I dag kjem musikkarar frå USA til Norge for å lære av spelemenn her.

Folkemusikken i dag

Folkemusikken er i dag inne i ein oppgangsperiode, med aukande interesse i nye generasjonar. Det er ei stund sidan fela var eit bannlyst instrument. I dag opplever vi folkemusikk-gudstenester og kyrjekonsertar som ein naturleg del av det kulturlivet.

Eg spør om Einar har absolutt gehør. «Det er ikkje langt i frå», svarar han med eit smil.

Så løfter han fela, og tonane frå den reinstemte hardingfela fyller rommet. Han stemmer, handterer og spelar med kjærleik. Det er ingen tvil: Folkemusikken legg framleis lysglans over livet til Einar Eimhjellen.

«Dobbel begravelse»




I februar 1915 kunne Tacoma Tidende fortelje om ei trist hending i Kent:

«Det var en sorgelig, men også høytidelig Begravelse der fandt Sted i Kent, Wash., Fredag den 29. Januar d.A. To unge mennesker, en kraftig ung Mand og en ung Kvinde fulgtes i Døden og blev ogsaa fulgt til Graven samtidig.» Så blir det vidare fortalt at den unge mannen var 20 år gamle Anders Teigen frå Fimland i Naustdal, som kom til Amerika året før, og 19 år gamle Ellen Louise Våge frå Ytre Stadt. Dei gjekk på skeiser på innsjøen Clark Lake ca 4 mil (6.4 km) aust for Kent saman med andre ungdomar og gjekk gjennom isen og

drukna måndag den 25. januar 1915.

Vidare i artikkelen står m.a.: «Begravelsen foregik fra den norsk-lutherske Kirke i Kent. Kirken var mere end fyldt til Trængsel; der stod folk i Gangen, Entreen og langt ut paa Fortauget. De hvite, vakre Likkister, der begge var akkurat like stod paa hver Side av Alterringen. De var begge helt dækket med Blomster og flere større Blomstestykker stod lenet op til Alterringen. Pastor J. O. Hougen fra Tacoma forrettet baade i Kirken og ved Graven og talte baade paa Norsk og Engelsk. To av brødrene til Anders var tilstede ved Begravelsen».



Å finne roa bak bakarste

Bak bakarste benk i kyrkja sit ofte «radarparet» Ann Berit Steiro og Roger Henden. Ann Berit styrer miksepulten for lyd og lys, medan Roger finn seg godt til rette i stolen ved sidan av.

Tekst og foto:
REIDAR EIDE

– Kyrkjerommet betyr mykje for meg, seier Roger. Her er det ro, og det betyr kvile for meg. Kyrkja set ikkje krav til meg når eg kjem inn døra. Der er ikkje spørsmål til meg. Det er berre ei stor ro. Den timen eg sit her, er gull verdt. Kvile for kropp og sinn, samtidig som eg blir kjend med nye menneske. Eg har besøkt kyrkja i mange år fordi det gir meg noko. Og viss eg vil seie nokre ord til Vårherre så gjer eg det, og viss ikkje, so slappar eg av. Han veit kva det gjeld, kva tankar eg har inni meg.

Kvile og inspirasjon

I vår tid er det krav om at vi må ta stilling til mangt i samfunnet. Det er mange krav og massemedia som pressar seg på med mykje eg ikkje er interessert i. Her finn eg kvile, kvile for alt som krev mi merksemd. Her kan eg og finne inspirasjon. Den finn eg også andre plassar, – på biblioteket for eksempel, eller i naturen som vi så gåvmildt har innpå oss overalt her i Førde. Naturen spør deg ikkje, set ikkje krav til deg. Han gir i staden for. Slik er det å sitje her bakerst i kyrkja og, i lag med ho Ann Berit som må vere årvaken, passe på at det er god lyd i rett mikrofon til rett tid, medan eg berre kan slappe av og sitje still. Ja, eg får ikkje lov å seie noko eller røre spakane på miksebordet. Eg har fått streng beskjed, smiler Roger. Eg sit forresten her på denne stolen ved sida av Ann Berit fordi eg har ilt i ryggen, og her er godt ryggstø, og so kjem vi no godt overeins!



Drivkraft i frivillegarbeid

Som mange i Sunnfjord veit, så har Roger i ei årrekke vore ei drivkraft for det frivillege arbeidet i lokalmiljøet. Han starta Frivillighetssentralen i Førde i 1991, og har som pensjonist framleis sine faste rutar innom korridorane på sjukehuset eller

sjukeheimen, der han held dei som treng det med selskap, helst saman på ein spaseretur på gangen eller ute.

– Eg set veldig pris på jobben min, seier Ann Berit. Det er godt å kome i kyrkja av og til. Det er meningsfullt for meg å vere del av ein stab som samarbeider for å gjere kyrkja sine tilbod best mogleg for

benk



Roger Henden og Ann Berit Steiro kjem godt overens.

alle dei ulike som vi får kontakt med, både born og vaksne. Etter kvart som eg er blitt trygg på det tekniske, kan også eg oppleve roa i kyrkjerommet, – i musikken – i det som vert sagt.

– *No stundar det mot jul, har de gode minne om jula frå då de var små?*

Ann Berit: – Då eg gjekk på barneskulen, laga Egil Hjelmeland eit skulekor der vi song på julaftan kvar einaste jul. Etterpå begynte eg i skulemusikken, og det var fleire år der eg spelte solo til koret. Eg har gått i kyrkja på julaftan så lenge eg kan hugse, og det har eg prøvd å føre vidare til ungane mine og barneborna. Ikkje alltid er det like lett for dei i småbarnsfasen å få dette til, men eg trur vi gir borna ei oppleving dei kan kjenne igjen seinare. I alle fall er dette fint å tenkje tilbake på for meg som vaksen.

Sjuaringen gjekk aleine til julaftansgudsteneste

Roger: Eg kan fortelje at då eg var ei sju-åtte år, gjekk eg aleine til kyrkja på julaftan. Frå Korsen var det jo berre ei 800m å gå. Eg gjekk slett ikkje fordi eg skulle vere from. Som ungar flest er det jo pakkane under juletreet som er det største på julekvelden, men det var så forferdeleg

lenge å vente! Då tenkte eg at tida sikkert gjekk raskare om eg fann på noko. Eg høyrde kyrkjeklokkene, og gjekk rett og slett i kyrkja. Der fortalde presten interessante historier, – juleevangeliet og greier! Eg tykte det var kjekt, og so gjekk tida fram mot pakkeopninga fort. Det var min motivasjon. Samtidig må eg seie at det gav høgtideleg oppleving, – julesongar og kjekke historier. Det er gode minne som gjerne også har gitt retning i livet mitt. I alle fall finn eg her ein balanse mellom det aktive livet i kvardagen og kvila og roa her.

– *Ro og kvile... gir gudstenesta deg noko meir?*

– Ja, han der Vårherre er ein spennande mann. Eg føler han kjenner meg. Han har vore nær og hjulpet meg mange gonger gjennom livet. Han har nok hatt utfordringar med meg, men eg føler han gir lys i livet mitt. Eg har veldig tiltru til han, eg har det altså!

Konfirmantjubileum

Holsen og Haukedalen sokneråd inviterte til konfirmantjubileum i Haukedalen søndag 19. oktober.

Tekst og foto:

BODIL ØVSTHUS FRØYSLAND

Dei siste åra har me slått saman to konfirmantkull, og denne gongen var det dei som var konfirmantar i Holsen og Haukedalen i 1974 /75, 1964/65, 1954/55 samt 1949 og 1950 som hadde fått invitasjon i posten. På jubileumsdagen møtte i alt 17 konfirmantjubilantar til middag i skulehuset i Haukedalen. Det var jubilantar frå alle årsklassane, og den eldste jubilanten var konfirmant for heile 76 år sidan! Ein av 50-årsjubilantane stilte i same kjolen som ho vart konfirmert i.

Soknerådsmedlemmene serverte sosekjøt, med tilbehør frå Eldalstunet, og etterpå var det kaker og kaffi som dessert. Praten gjekk godt rundt langbordet, og det var tid til mimring og allsong. Etter samlinga i skulen var det gudsteneste med barnedåp i Haukedalen kyrkje kl. 15.00. Dåp og konfirmasjon høyrer saman, og ei fin gudsteneste med fullsett kyrkje laga ei god ramme rundt jubileumsdagen.



Konfirmantjubileum i Haukedalen.

Med interesse for historie

Berit Gjerland og Ragnhild Hukset fortel om Førde historielag sitt store bokprosjekt «Historia om Førde».

Tekst og foto:
HANNE SCHNITLER

– Har du fått med deg kva som står om kyrkje og kristenliv i dei tre bøkene «Historia om Førde»? Det er Berit Gjerland i Førde historielag som spør. Vi blir eini-
ge om å ta ein prat, og få med Ragnhild Hukset som også sit i styret i historielaget. Kanskje vi kunne møtast i det gamle Ulltanghuset «Nøisomhet» i Teigen?

«Nøisomhet»

Å komme inn i det nyrestaurerte vesle huset i Halbrendslia er som å komme inn i ei anna tid. Her er mykje som det var då systrene Borgny Ulltang og Åshild Pettersen budde her, med møblar, tekstilar og dekketøy frå ulike tidsepokar fram til 50-60-talet. Faren Kristian Ulltang, den første redaktøren i avisa Firda, kjøpte huset i 1921 og dreiv avisa herifrå.

Ingebjørg Erikstad frå Stiftinga Nøisomhet har vore og låst opp, og det er varmt og godt i stova.

– De må få sjå dei andre romma før eg går, seier Ingebjørg, og losar oss gjennom stove, kjøken og bad og inn bakkdøra til tilbygget. Her var trykkeriet til avisa, men tilbygget vart seinare ombygd til garasje. Stiftinga Nøisomhet fekk midlar frå Kulturminnefondet og fekk restaurert tilbygget. Noko av det gamle trykkeriutstyret har dei fått på plass. No jobbar dei med å finne ut korleis dei skal bruke lokalet til å presentere denne delen av Firda si historie.

Førde historielag

Vi går inn att i stova. Vi skulle jo snakke om desse bøkene. Men først vil eg vite: – Historielaget, kven er de og kva driv de med?



Berit Gjerland og Ragnhild Hukset med Førdehistorie i det historiske huset Nøisomhet.

– Førde historielag vart stifta i 2005, så vi er 20 år i år, fortel Berit. Laget dekkar tidlegare Førde kommune, og Naustdal, Gaular og Jølster har eige sogelag. Kvart år gir laget ut eit historieskrift; eit eige skriftstyre arbeider med å samle inn stoff. Elles har vi temamøte i Førdehuset, og det har vore godt besøkt. Vi har kulturvandringar, mellom anna på Kulturnatt i Førde, og turar til historisk interessante stader. Dei siste åra har vi hatt samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag om felles turar. Men det største arbeidet dei siste åra har vore to store bokprosjekt: Stølsboka for Førde som kom ut i 2015, og Historia

om Førde i tre bind, som kom ut på Selja forlag i 2023 og 2024. Planen var lenge å komme i gang med historia for heile Førde kommune, men så kom det omfattande arbeidet med stølsboka. Stølsboka vart svært godt motteke og utselt etter kort tid. Då kunne ein starte opp arbeidet med ei allmennsoge for Førde, og det blei ei nyskaping for denne sjangeren.

Historia om Førde, bind 1 tek for seg historia om busetnad- og samfunnsutviklinga i områda omfatta av Førde kommune. Det er to historikarar som har arbeidd med dette bindet. Dei bygger på



skriftlege kjelder, og det finn ein tilbake til 1500-talet. Boka tar for seg samfunnsutviklinga fram til 2020, og dei store endringane i Førde sentrum frå 60-talet er ein viktig del av boka.

I dette bindet kan ein lese om konfirmantførebuinga etter reformasjonen, korleis den utvikla seg og ga grunnlag for skulevesenet. Framveksten av lag og organisasjonar, haugianarrørsla, bedehusrørsla og folkehøgskulerørsla kan ein òg lese om, og nyare utvikling i kyrkje og organisasjonsliv.

Bind 2 er lagt opp på ein heilt anna måte. Denne boka er ei artikkelsamling

med 44 artiklar av 37 forfattarar, og Trond Ueland frå Sunnfjord kommune har vore redaktør. Førde kommune gav økonomisk bidrag til arbeidet med bøkene. Bind 2 har 4 overskrifter: Natur og historie, samfunn, identitet, kultur og idrett. Geologi og arkeologi kjem òg inn her, så stoff om den eldste historia i området er med i dette bindet. Med så mange lokale skrivarar med ulik fagkunnskap og skrivemåte, kjem ein tettare på vår nære historie og meir tett på Førdefolket enn i bind 1.

Berit fortel at ho står bak ei artikkel om mellom anna kyrkjene i mellomalderen i bind 2. Då sto det kyrkjer i Førde sentrum, på Vie, i Holsen og i Haukedalen, og dette var små stavkyrkjer. Kyrkja i Haukedalen var mest sannsynleg ei privatkyrkje og er ikkje nemnt i den eldste skriftlege kjelda. I Naustdal vart det bygd ei steinkyrkje i mellomalderen.

Bind 3 er ført i pennen av Arne W. Aasland.

– Dette er både ei mimrebok, men også ei interessant reise i dag gjennom heile den tidlegare kommunen, seier Ragnhild. Forfattaren tar for seg område for område, og tar rundturar gjennom Førde sentrum og gardane omkring, Angedalen, Holsen, Haukedalen, Mo og Åsane og bygd og grender sør og nord for Førdefjorden. Historiske bygg, kyrkjer og bedehus, gater og gardsbruk, butikkar, skular og idrettsanlegg er nemnt; her kan ein finn mykje stoff om eige nærområde.

– Vi må nemne alle fotografia, seier Ragnhild. – Bøkene er ein fotoskatt der Abjörn Tyssen har vore bilderedaktør, og ein kan berre gle seg over alle dei flotte bileta, både historiske og nyare.

Brannen på Solvang

Eg ber dei ta fram ei historie frå bøkene som har gjort særleg inntrykk på dei. Etter å tenkt seg om seier begge: Det må være brannen på Solvang. Det er ei tragisk og sterk historie som Leon Haugsbø, tidlegare rektor på Sunnfjord Folkehøgskule, har skrive om.

Skulebygget vart bygd i 1910, men før det vart teke i bruk, brann bygget ned. Rasmus Øvrelid var rektor ved skulen. Han og dei to eldste barna kom seg ut av den brennande bygningen. Kona var høggravid, ho kom seg ut sterkt skada, fødte barnet, men døydde kort tid etter. Fire døtrer og svigermora døydde i brannen. Nytt skulebygg, Haavetun, blei reist året etter på same stad, og står der framleis.

– Dette har ei etterhistorie, seier Ragnhild. Rasmus sat igjen med 3 små barn. Inger Bruland, som allereie var barnepike i familien, tok seg av ungane etter brannen. Rasmus og Inger blei eit par, gifta seg og fekk fleire barn. Dei flytta seinare til Volda. Familien hennar var i mot forholdet, men dette blei ikkje snakka om. Ragnhild og Berit gjekk i same klasse på Førde gymnas, og dei hadde ei klassevenninne som var barnebarn til Rasmus og den nye kona. Slik fekk Ragnhild og Berit eit særleg forhold til denne historia.


Berit og Ragnhild

No vil eg vite litt meir om dei to eg snakkar med: Kva gjorde dei så interessert i lokalhistorie at dei blei med i historielaget?

Ragnhild vaks opp i eit av dei gamle husa i Grovene litt utafor Førde sentrum.

– Eg har alltid vore interessert i historie, seier ho. Interesse for lokalhistorie kom i vaksen alder og vart vekt gjennom Sogeblad for Førde kommune, som Rannveig Tveit Kirkebø stod bak. Desse sogeblada danna også lokalt ei interesse for sogeskriftet som Førde historielag seinare har gjeve ut.

Å vekse opp i eit gammalt hus med historie i veggane, har nok og sett sine spor. Ho fortel at i fjor fekk ho besøk av dotter til den tidlegare eigaren av huset, ei amerikansk kvinne på 80 år. Ho vandra rundt i huset, fascinert av at faren hadde budd der. Så ville ho sjå Førde kyrkje, kyrkja faren hadde høyrte til. Den var dessverre stengt for besøk grunna pågåande arbeid, men barnebarnet fann råd. Han tok opp mobilen og tok bilde av kyrkjerommet gjennom det store nøkkelholet. «Beaut-



Det ligg mykje arbeid bak bøkene «Historia om Førde».

iful!» Kvinna var strålende fornøgd med synet.

Berit har vakse opp på garden Gjerland i Haukedalen. Både faren og bestefaren var historisk interessert. Faren gjorde mange funn frå eldre tider i jorda på garden, han ringte museet i Bergen og arkeologar kom til gards. Berit fekk vere med og sjå arkeologane i arbeid. På tidleg 1970-tal fann faren og ho eit større område med trekolhaldig jord. Fagfolka fann her to mindre hus i underkant av 10 meter lange, som stod i ein spesiell formasjon. Seinare vart resten av anlegget funne på nabogarden. Samla var det eit einestående funn frå hundreåra rett etter e.Kr., berre i Rogaland og i Nordland hadde ein funne noko tilsvarande. Slike hussamlingar blir i dag tolka som tingstader der utsendingar frå andre område kunne overnatte. Berit spurde arkeologane kva for utdanning ein måtte ha for å bli arkeolog. Først gymnas, og så universitetsutdanning, sa dei. Dermed var planane klare; ho tok gymnas, og deretter vart ho student i Bergen, arkeolog vart ho og angra ikkje.

Arkeologen Berit kjem med ei påminning; – Om ein finn noko i jorda som ein trur er svært gammalt, ring fylkeskommunen sitt sentralbord! Dei set deg over til ein fagperson som kan vurdere funnet, og det er gratis om arkeolog kjem for å sjå på området, også om det må gjerast utgraving! Dette er det mange som ikkje veit.

Om ein derimot planlegg bustad-, hyttefelt eller slikt, må det gjerast ulike undersøkingar og kartleggingar som må betalast for, også registrering av fornminne i område med potensiale for det. Fornminne fortel om gardshistorie og busetnad lenge før det finst skriftleg informasjon, det er nok heller ikkje alle klar over.

Kyrkje- og organisasjonsliv skulle vi snakke litt meir om. Berit blar i bøkene, og Ragnhild kommenterer. Dei finn fram Kjell Skaaheim sin artikkel i bind 2 om organisasjonane i Førde. Ragnhild seier at der var det overveldande mange interessante organisasjonar å lese om.

– Men han har gløymt å skrive om Sjømannsmisjonen! Krinssekretæren budde i nabohuset vårt, så den organisasjonen kjende eg frå barndommen. Det var spanande å høyre om alle stadene i verda der det var sjømannskyrkjer, der dei ulike krinssekretærene med familie hadde budd før dei enda opp i Førde. Men den historia kan kanskje komme i eit historieskrift?

Ho fortel òg om søndagsskulen på Førde bedehus og barneforeininga ho var med i. Var det Nepalmissjonen det var? Nei Santalmisjonen var det. Den som var slått saman med Indremisjonen til Normisjon. På Haukedalen var det og barneforeining, og der lærte Berit om Madagaskar. Då var det nok Det norske Misjonsselskap som dreiv den. Begge for-

tel at dei var med på det som var av basarar og tilstellingar i nabolaget. Berit kjem inn på songtradisjonen i Haukedalen. Både i kyrkja og på forsamlingshuset var det i eldre tid vanleg med fleirstemt song når ein kom saman. Ho hugsar kjensla som ga gåsehud når kjende salmar og songar vart sunge.

Ta kontakt med historielaget!

Bokprosjekta har vore eit stort løft for historielaget. Mykje er gjort av fagfolk, og mykje på dugnad. Historielaget har vore rundt i bygdene og presentert bok nr. 3. Der har dei møtt stor interesse, og dette framhevar begge to som noko av det kjekkaste med dette arbeidet. Og er det nokon som vil ha dei med og fortelje om bokprosjektet på eit arrangement, stiller dei gjerne opp.

Eg forstår at dei har ein del bøker som dei gjerne vil at andre skal få glede av. Eg dristar meg til eit forslag: Når no bokprosjektet får såpass brei omtale i Helg og Heim, kanskje vi kan be om ei ørlita gjenytting? For det er ikkje gratis å gje ut eit kyrkjeblad heller, og no har vi drista oss til å ha 20 sider i julenummeret, det kostar. Kunne dei spørje medlemmane i historielaget om dei har hugsa bladpengane til Helg og Heim? Dei godtek framlegget med eitt breitt smil.

På konfirmantundervisning

Eg skulle berre på 10-kaffien på Førde kyrkjetun ein onsdag, det enda med ein konfirmanttime i Førde kyrkje.

Tekst og foto:
HANNE SCHNITLER

På 10-kaffien, som namnet seier, kan ein kjøpe kaffi og vaflar frå klokka 10 på formiddagen. Der kan ein få ein god prat, men òg innsikt i kva som rører seg i Førde kyrkjelyd. Kantor Gro Gunnarson stikk innom, men må haste av stad, ho skal følgje Spiren baby-song til Førde Omsorgsenter denne dagen. Oj, der skulle Helg og Heim ha blitt med! Diakon Anita Rusken kjem berande på eit brett med vaflar. Dei er til stabsmøtet for dei tilsette. Kva for saker diskuterer dei der, tru? Sokneprest Ingvald Frøyen er på veg til sorgsamtale og førebuing av gravferd seinare i veka. Kva skjer i ein sorgsamtale, det kunne vi visst òg ha delt med lesarane.

– Kom tilbake etter skuletid, seier trusopplærar Gry Sætre. Då er det konfirmantundervisning her på huset og kyrkja. Og møte for konfirmantforeldre, leiartrening for ungdom, Krøllesamling og korøving.

Eg vel å bli med på konfirmantundervisninga i Førde kyrkje.

På konfirmantundervisning

Kyrkjedøra står open, ungdomar kjem sigande inn, og kyrkjelydspedagog Ute Lindner tar imot dei med bollar og eple, så dei som kjem rett frå skulen kan få seg ein matbit før undervisninga startar.

Kateket Heidi Voltersvik Styve fortel at det er 150 konfirmantar i Førde, Holsten og Haukedalen dette året. I år må dei



Ute Lindner og Heidi Voltersvik Styve tar seg tid til ein kaffipause.

forenkle opplegget grunna mindre ressursar. Det blir ikkje leir som tidlegare, men dei har hatt ein fin dag på Nesholmen. Konfirmantane i Naustdal og Jølster skal på leir saman på Alværa. Det blir heller ikkje konfirmantfestival, men trur det blir til neste år.

Konfirmantopplegget inneheld månadlege samlingar med undervisning om Bibelen, treeninga, dåp og nattverd. Åtte gudstenester, nokre av dei særskild tilrettelagt for konfirmantane, må dei vere med på. Alle får òg bli med på klubb-samlingar på kveldstid. Då får dei ein smakebit på tilbod dei kan vere med på etter konfirmanttida: Ein sosial klubb med prat, mat, spel og andakt.

Bibel på app

I kyrkja er konfirmantane på plass. Kateket Heidi Voltersvik Styve ber konfirmantane ta opp mobilen. Javel? Ikkje leggje den vekk?

– De får ikkje Bibel i år, altså ikkje ein fysisk bok å bla i. Difor må de laste ned Bibelen på mobilen dykkar. Ho viser kva for app som skal lastast ned, Bibel 2011, nynorsk utgåve. Så skal vi finne dei ulike bøkene i Bibelen, kapittel og vers. Eg må prøve meg på same oppgåva, og ikkje lite stolt får eg òg det til.

Tema DÅP

Ute tar over. Ho held ei sølv mugge og spør kva dei trur den blir brukt til. – Til å ha vin i? Det kjem fleire forslag før ordet

dåp blir nemnt; mugga blir brukt til å ha dåpsvatnet i.

– Kva er dåp, og kvifor blir ein døypt? Ute forklarar, og ungdomane spør. Ute parerer spørsmåla med å spørje tilbake: – Kva trur du sjølv? Kva tenkjer du? Ei jente spør om kva som skjer når vaksne skal døypast. Ikkje rart når fleire av konfirmantane ikkje er døypte som små. Fleire har vore med på gudstenester og sett barnedåp. Ute forklarar at det er dei same orda som blir lest, men der foreldra svarer på vegne av barnet, svarar du sjølv på spørsmålet om du vil døypast til namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.

No må dei prøve å finne fram til Matteus 28, vers 20-21 i Bibelen som dei nettopp har lasta ned. «Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk.»

Ute ber alle gå ned i midtgangen. No er det quiz. Ho kjem med ein påstand om dåpen, og er dei einige skal dei gå mot alteret, meiner dei påstanden er feil, skal dei gå ned til lysgloben ved utgangen. – Må ein vere minst 14 dagar gamal for å bli døypt? Tja, kva skal ein meine om det? Dei spring i kvar sin retning. Dei som går mot lysgloben får rett, det er ingen nedre eller øvre aldersgrense. Ved naudgå, om det er fare for livet, kan ein bli døypt heime eller på sjukehuset, og kven som helst som sjølv er ein kristen og veit kva dåpen betyr, kan utføre dåpen.

Ute kjem med mange påstandar, og konfirmantane får bryne seg på kva ordet døype betyr, kva oppgåver ein fadder har, og om ein kan krevje å få trusopplæring når ein er døypt.


Timen er slutt, og konfirmantane har lært noko. Det har eg òg, og no har eg Bibelen på telefonen min!

Tilbake på kyrkjetunet høyrer vakker song og pianospel. Eg snik meg inn og lyttar. Dei eldste jentene i korskolen øver på Mozarts Requiem. Eg tør ikkje forstyrre dei.

Eg konstaterer at det ikkje går an å få med seg alt som skjer denne onsdagen, men er glad for innblikket i konfirmantundervisninga.



Bollar og frukt til svoltne konfirmantar.



Trusopplæring

For meir informasjon sjå www.kyrkja.no/sunnfjord, eller last ned appene **MinMenighetsportal** og **I kirken**. Følg og med på facebooksidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje. Aktivitetane og tiltaka våre er opne for alle, ein treng ikkje vere medlem av Den norske kyrkje for å delta.

STØRST AV ALT

Trusopplæring i Førde sokn:

0 – 1 år:

Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. For barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta med matpakke! Vi serverer te/kaffi.

Siste gang før jul er 10. desember og oppstart 14. januar.



1 – 3 år:

Krølle-samling

Onsdag kl. 17.30 på Førde

Kyrkjetun: Samling med song, formidling og litt leik i etterkant.

Oppstart etter jul er 14. januar.

Karnevalsamling i

Førde kyrkje

Samling for heile familien med aktivitetar og enkel servering. Dei som vil kan ha på seg kostyme.

Søndag 8. februar kl. 16.00.

4 år:

Barnegudsteneste

med utdeling av bok og samling etter gudstenesta.

Søndag 1. mars kl. 11.00. Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

Fasteaksjonen

22. mars er det den årlege innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Også i år går pengane til reint drikkevatt i ulike land. Dagen startar med

gudsteneste i Førde kyrkje kl. 11:00. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi på Kyrkjetunet. Etter kyrkjekaffien vil konfirmantane gå frå dør til dør og samle inn pengar. Ta godt imot dei når dei kjem!

Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

Knøttekoret

ca. 3,5 år til ca. 5 år:

Kl. 17.20 – 18.00

Aspirantkoret

ca. 6 år – 2. klasse:

Kl. 18.05 – 18.50

Barnekoret

3. klasse og oppover:

Kl. 18.55 – 20.00

Har du lyst å bli med?

Kontakt dirigent Gro Gunnarson, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje». Kontingent per semester: kr. 300,-

Trusopplæring i Naustdal og Vevring

Babysong

Annankvar onsdag kl. 11.30 til 12.30 på Naustdal kyrkjelydshus. Oppstart 20. januar.

Naustdal barnekor

Kvar onsdag frå 13.00-13.50 på Kyrkjelydshuset/kyrkja. Barnekor for 2. klasse og oppover. Ved Silje Sørebo og Erlend Os.

Småbarnssong

På Kyrkjelydshuset frå kl. 17.00-17.40. For barn 3-5 år. Søsken kan også vere med. Datoar: 20. og 27. jan., 3. febr.

Tårnagenthelg

i Naustdal kyrkje for 3 klassingar ein laurdag i januar/februar. Invitasjonar kjem. I etterkant av tårnagenthelga blir det Agentklubb nokre måndagar etter skuletid.

Fastelavnssøndag

Søndag 8. februar kl. 15.00 i Naustdal kyrkje. Småbarnssong og barnekor deltek.

Lys Vaken-leir



28. februar -1. mars i Naustdal kyrkje Med innbyding til 5. og 6. klassingar.

Ungdomsleir

16.-18. januar på Alværa leirstad. For 10. klasse og oppover. Avhengig av nok påmelde.

Konfirmantleir 13.-15. mars på Alværa leirstad.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

DET SKJER

10-kaffi på Førde kyrkjetun

Kvar onsdag i skuleåret, frå kl. 10.00, kan du kjøpe deg kaffi og vaflar i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

Kyrkja i byen

Kvar torsdag i skuleåret frå kl. 13.30 – 15.30 er vi på «Storebrua» mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!

Førde kyrkjekor

Øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Vil du vere med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson.

Naustdal kyrkjekor

Øving i Naustdal kyrkje onsdagar kl. 17.45. Vil du vere med? Kontakt dirigent Erlend Os.

Strikketreff

Bli med å strikke tepper for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta med matpakke, så et vi lunsj i lag. Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun. 24. november, 8. desember, 9. og 23. februar, 9. og 23. mars.



Kraft hausten 2025:

Vi fortset med leiartraining med Follow-me, kunstgruppe og gospelkor på måndagar, gudstenester og bibelgruppe. Nytt i haust er ein klubb for 10. klassingar annankvar fredag, samt at bruktboutikken Galleri Normisjonen ynskjer Kraft velkomen til å vere i lokale ein gong i veka.

Kontakt for Kraft sine tilbod: Johanne Thingnes Leira på sms til 45 88 65 47.

Tidebøn i Naustdal kyrkje

Velkomen til ei stille stund med lystenning, salmesong og veksellesing. Tidspunkt finn du i gudstenestelista.

Nynorsk salmebok 100 år

Søndag 18. januar kl. 16.00 i Naustdal kyrkje.

Vi leitar fram gamle og nye salmar frå Nynorsk Salmeskatt, og syng dei i lag. Kyrkja i samarbeid med Naustdal mållag. God kaffi med noko attåt på kyrkjelyds- huset etterpå.

Adventsfest på

Alværa leirstad

Fredag 5. desember kl. 17.00: Velkomen til julemiddag, program, kaffi og kakebord, årsal og prat. Høve til overnatting til laurdag. Påmelding: Tlf. 48990661 eller e-post: alveram@nms.no
Laurdag 10. januar kl. 10.30: Kyrkje- og misjonsdag, ein temadag til inspirasjon for kyrkjelydane.

Mariahelg på Alværa 7. - 8. mars.

TID FOR TRU I FASTETIDA

Kyrkjelydane i Sunnfjord samarbeider om temakvelder fire torsdagar i fastetida. Programmet er ikkje klart når bladet går i trykken, men merk deg datoane: 26. februar og 5., 12. og 19. mars kl. 19.00.

JUL I KYRKJELYDANE

Sjå klokkeslett i gudstenestelista!



JULETREFEST PÅ FØRDE KYRKJETUN

Måndag 29. desember kl. 17.00

KONSERTAR I ADVENTSTIDA

FØRDE KYRKJE

25. november kl. 21.00:

Julekonsert Stille Natt

4. desember kl. 19.30:

«Jul med Kvitre»

6. desember kl. 17.00:

Førde kyrkjekor sin julekonsert

13. desember kl. 17.00:

Luciakonsert med korskulen
Merk tida!

14. desember kl. 18.00:

Kyrkjelyden sin julekonsert.

NAUSTDAL KYRKJE

6. desember kl. 17.30:

«Jul med Kvitre».

10. desember kl. 18.00 og 20.15:

Julekonsert med «Julesong»

11. desember kl. 18.00:

Julekonsert med «Julesong»

14. desember kl. 17.00:

Kyrkjelyden sin julekonsert

KONSERT MED LISA BØRUD

I slutten av oktober var det konsert med Lisa Børud i Førdehuset. Saman med henne på scena var det born frå Naustdal Barnekor, Korskulen i Førde kyrkje og Jølster Barnegospel. Dei ulike kora var godt førebudd. Dei hadde øvd på songane kvar for seg på førehand og

øvde saman med Lisa Børud ein liten time før konserten starta.

Lisa var eit fyrverkeri på scena med song og dans og fekk med seg både kora og folk i salen. Repertoaret var songar frå den tida ho song med Børudgjen- gen, og noko av nyare dato.

Lisa Børud tok seg god tid etter konserten og ho stilte opp på bilde til alle som var interessert.

Tekst og foto: JENNY ØDVEN SNILDAL



TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?



22 40 00 40



FØRDE
GJESTEHUS
OG CAMPING

www.fordecamping.com ☎ 468 06 000 • Kronborgvegen 44

arnes
frisørhjørne

Timebestilling
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35
Langebruvegen 19
6800 Førde

RIKKEN

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
BILDE



Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar
utanom torsdag 11-15
Torsdag 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



*Flott
julepresang*

til alle som er glade i eller
nysgjerrige på Førde!
Bøkene fortel samfunns-,
kultur-, og busetnadshistorie
frå dei aller eldste tider til
2020 i heile tidlegare Førde
kommune. Dei kjem i sett
til kr 1000,- eller kr 350,- pr.
bok. - Kjøp direkte frå

Førde historielag

tlf. 481 67 076
karen.hornnes@enivest.net
eller kjøp dei i bokhandel!

ALT I ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport
INTERSPORT
Førde

Blomsterfryd

Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
blomsterfryd.forde@interflora.no

Reiakvam

- Din fotograf i Førde sidan 1946
57 82 19 77 / foto@reakvam.no
reakvam.no

Gode tilbud på flis, beleggingsstein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet
www.boligkompaniet.com
tlf. 906 19 654



WIKING Mini 2
Vi leverer og monterer

ATLE
NAUSTDAL

Naustdalsvegen 5, Førde
Tlf. 57 82 13 76

VARMEFAG

Naustdal
Dampbakeri

KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

57 72 41 40
dampbakeriet.no



Finn din nye bustad hos oss!

Moderne og lettstelte leilegheiter.
Kom gjerne innom oss for ein prat, Halbrendssøyra 2 i Førde.
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00

HELLVIK HUS

Gravdalgruppa



MALER RUNE
SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELÉGG · FLISER

Følg oss!

fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?

Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**



God jul frå

NORDISK KJØKKENDESIGN

JKE
NORDIC KITCHEN DESIGN

Hafstadv. 34 (Bergegården)
6800 Førde - tlf. 913 11 837
ms@jke-forde.no

FARSUND FLIS
flis for alle

Kvalitet - Kompetanse -
God service

Nytt, stort lokale
på Sanderplassen 10 i Førde.

Kom gjerne innom og
sjå vårt store utval.



NORDIC ATMOSPHERE

Drømmer du om et
NYTT KJØKKEN?

Hos HTH i Førde vet vi at kjøkkenet er husets hjerte, hvor familie og venner samles til god mat og hyggestunder. Den gode maten og det hyggelige selskapet står du for, mens vi hjelper med å designe det.



HTH Sunnfjord Kjøkkenforum AS
Naustdalsvegen 5
6800 Førde, tlf. 57 82 66 10
e-post: info@forde.hth.no



Fra inspirasjon til installasjon
– vi hjelper deg hele veien!

ILDSTEDET

er en faghandel med lang erfaring innen varme. Vi gir deg profesjonell veiledning om valg av peisovn, riktig plassering og pipe.

Naustdalsv. 5, 6800 Førde
Tlf. 966 10 100
post@ildstedet-sunnfjord.no



EXTRA

NAUSTDAL



NAUSTDAL

GUDSTENESTER

Det kan komme endringar. Følg med i Firda «Det skjer», www.kyrkja.no/sunnfjord, eller kontakt kyrkjekontora. **Velkommen til kyrkje!**

ONSDAG 26. NOVEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 30. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Naustdal kyrkje 19.00 Lysmesse

SØNDAG 7. DESEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste
Instedalen skule 14.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 16.00 Lysmesse
Holsen kyrkje 19.00 Lysmesse

ONSDAG 10. DESEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 14. DESEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 24. DESEMBER - JULAFTAN

Førde kyrkje 12.00 Familiegudsteneste med julespel
Førde kyrkje 14.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 16.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 12.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 14.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 14.00 Familiegudsteneste
Naustdal kyrkje 16.00 Familiegudsteneste

25. DESEMBER - 1. JULEDAG

Førde kyrkje 12.00 Høgtidstudsteneste
Naustdal kyrkje 12.00 Høgtidstudsteneste

SØNDAG 28. DESEMBER

Førde kyrkje 12.00 Gudsteneste

SØNDAG 4. JANUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Minnegudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 11. JANUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Minnegudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 18. JANUAR

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste (kan bli endring)

ONSDAG 21. JANUAR

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 25. JANUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste

SØNDAG 1. FEBRUAR


Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Misjonsgudsteneste
Vevring kyrkje 15.00 Misjonsgudsteneste og basar

ONSDAG 4. FEBRUAR

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 8. FEBRUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 15.00 Familiegudsteneste.
Barnekor og Småbarnsong deltek



SØNDAG 15. FEBRUAR

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste

ONSDAG 18. FEBRUAR

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn
Førde kyrkje 19.00 Skriftemålgudsteneste

SØNDAG 22. FEBRUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 19.00 Kveldsgudsteneste

SØNDAG 1. MARS

Førde kyrkje 11.00 Barnegudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste Lys Vaken
Vevring kyrkje 14.00 Gudsteneste

ONSDAG 4. MARS

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 8. MARS

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste

SØNDAG 15. MARS

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Høgmesse

ONSDAG 18. MARS

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 22. MARS

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 11.00 Gudsteneste

Gjevarteneste i Førde sokn

Ved å teikne fastgjevaravtale hjelper du oss å planlegge og drive kontinuierleg arbeid i kyrkja.

Du kan støtte kyrkjelydsarbeidet i Førde sokn generelt, eller Prosjekt Kraft. Lenkja for å bestille avtalegiro finn du på kyrkja.no/forde, ved å skanne bilete nedanfor, eller ta kontakt med kyrkjekontoret. Kryss av for skattefrådrag, så melder vi gáva til skatteetaten.

Du kan òg gje ein eingongssum på

Vipps til #93395 Førde kyrkje/sokn-offer&gáve



KYRKJESKYSS FØRDE KYRKJE

For informasjon kontakt kyrkjekontoret
måndag-fredag tlf. 57 82 81 80, eller diakon
Anita Øvreås Rusken
tlf. 900 68 514.



GRAVFERDER

FØRDE KYRKJE

21.08 Rolf Viggo Gyring	f.1947
22.08 Sissel Ruth Hafstad	f.1958
26.08 Gunnstein Kvåle	f.1934
02.09 Allan Kjelsnes	f.1960
15.09 Randi Mannebrekke	f.1956
25.09 Martin Kristoffer Ødegaard Johansen	f.1998
25.09 Ågot Hundvebakke	f.1927
03.10 Randi Judith Berge Fonn	f.1937
17.10 Mathilde Aasen	f.1929
21.10 Ingegerd Nesje Fauske	f.1933
24.10 Kåre Egil Myklebust	f.1939
28.10 Hermund Daling	f.1941

FØRDE OMSORGSSENTER, KAPELLET

12.09 Synnøve Breidablik	f.1929
--------------------------	--------

SJUKEHUSKAPELLET

16.05 Kolbjørn Roset	f.1950
29.08 Ingebjørg Oddlaug Hunskaar	f.1932
17.10 Daniel Stensaker	f.1994
23.10 Embjørg Hildur Steindal	f.1933

NAUSTDAL KYRKJE

29.08 Joar Solheim	f.1929
09.09 Ottar Kvame	f.1945
12.09 Ingvar Svørstøl	f.1930
16.09 Oddveig Savland	f.1935
19.09 Hallstein Jarl Erdal	f.1935
07.10 Torbjørg Lovise Reiakvam	f.1931
10.10 Marit Helene Rognebakke	f.1939
10.10 Hillaug Mallasvik	f.1928
30.10 Jostein Kalland	f.1932

DØYPTE

FØRDE KYRKJE

17. AUGUST
Astrid Sofie Botnen
Liam Øvrebø
Sunniva Grønsberg Hansen
Døpt i Naustdal kyrkje

23. AUGUST
Emma Skaim Indrelid
Døpt i Vangen kyrkje, Aurland

24. AUGUST
Viggo Nardelli Masdal
Oskar Nilsen-Hilding
Josefine Olset Osland
Louise Ann Vendelboe
Haugen Liljeros
Vilde Reite
Ludvik Valaker Leknes
Døpt i Kvammen kapell
Amalie Hetle
Døpt i Viksdalen kyrkje

7. SEPTEMBER
Henrikke Gulbrandsen Vereide
Døpt i Naustdal kyrkje

14. SEPTEMBER
Selma Iversen Kongsvik
Viktor Halås Søreide
Eirik Cavalcante Tefre

21. SEPTEMBER
Ruben Kirkebø Norevik
Kristine Skudalsnes Kusslid
Isak Aas Bjørset
Astrid Lien Sårheim

28. SEPTEMBER
Noah Vilnes Vatne
Selma Kjøsnes Klepaker
Iben Aasen Lauvstad

5. OKTOBER
Iben Nøttingnes Nergård
Døpt i Florø kyrkje
William Holvik
Vilde Eriksrød Kyte
Magnus Nataas Urheim
Noah Nesdal Lundevall

19. OKTOBER
Ulrik Gravdal Sandvoll
Lise Kyte Stokka

26. OKTOBER
Levius Aamot Osen
Silas Gjelsvik

NAUSTDAL KYRKJE

17. AUGUST
Falk Solheim Ersvåg
Sunniva Grønsberg Hansen
Olava Degvold-Jonstad

7. SEPTEMBER
Ida Ullaland Borthheim
Henrikke Gulbrandsen Vereide

28. SEPTEMBER
Mikkel Odland Tefre

5. OKTOBER
Hedda Skilbrei
Sander Nyheim Sæther

HOLSEN KYRKJE

19. OKTOBER
Leander Holsen Ulvestad
Døpt på Vassenden kyrkjesenter

HAUKEDALEN KYRKJE

19. OKTOBER
Georg Olai Hetle Gjerland

VIGDE

FØRDE KYRKJE

30. AUGUST
Marianne Buanes og Joakim Rene
Langeland

6. SEPTEMBER
Silje Kjelsnes og
Jon Sverre Gjølringbø

13. SEPTEMBER
Kristina Sortland og Eivind Stølen

3. OKTOBER
Sissel Gjervik og Eivind Hauge


NAUSTDAL KYRKJE

30. AUGUST
Bodil Johanne Øyra og
Jan Roald Haugland

HAUKEDALEN KYRKJE

12. JULI
Silje Helene Løseth og
Elias Tjomsland Korbosli

Vi tar berre med namn på døypte og vigde når det er gitt samtykke til publisering.



Returadresse
Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE



Vellukka Mozartkonsert i Førde kyrkje. Foto Reidar Eide

Vel blåst

Kyrkjekora i Førde og Naustdal, med kantorane Erlend Os og Gro Gunnarson, er ikkje redde for å ta på seg store oppgåver.

Tekst: HANNE SCHNITLER

Med forsterka kyrkjekor, jentekor og lokale solistar, med orgel som akkompagnement og utan orkester, vart to konsertar med Mozarts Requiem gjennomført i Førde og Florø kyrkjer, etter månader med øving. Med fullsette kyrkjer vart det ei stor oppleving både for songarane og for publikum.

Erlend Os seier at han er fornøgd med innsatsen til koret. Det var ikkje sjølvsaugt at dei ville klare å gjennomføre prosjektet. No må kora tilbake til sine faste oppgåver som kyrkjekor, men vi kan jo håpe at dei gjentek suksessen.



Elevlar frå Sunnfjord Folkehøgskule og Kraft Gospel i fullt utfalding. Foto Hanne Schnitler

Frå Mozart til gospel

Det neste Erlend overraska oss med var gospelgudsteneste med Sunnfjord Folkehøgskule, Førde kyrkjekor og Kraft Gospel. Dei samla full kyrkje første søndagskvelden i november. Elevane ga full innsats, med songglede og sjarm, og Erlend Os og Lars Inge Stautland lot det svinge på piano og bass. Erlend seier at elev-

ane kjem til folkehøgskulen for å spele volleyball, men han vil ha dei til å bli glad i song. Det er ikkje mange månader sidan dei starta skuleåret, og på så kort tid har dei klart å få gospelrytmane i kroppen.



Erlend Os trivst både med Mozart og gospel.